



**DEN NORSKE KYRKJA**  
I ULLENSVANG

## MØTEBOK FOR JONDAL SOKNERÅD

<b>Møtedato:</b> 23.02.22	
<b>Sak nr.</b> 04/22,05/22,06/22,07/22,08/22	<b>Møtestad:</b> Kyrkja
<b>Underskrifter:</b> Protokollen vert underskriven av leiar og nestleiar og lagt fram for godkjenning i neste møte.	
Leiar Anne Røymstad	Nestleiar Åse Marit Jørgensen
Sekretær Karin Anne Utheim Gangdal	Kasserar Ingebjørg Grøtt
Medlem Cecilie S.Stærnes	Medlem Marit Hesvik
Geistleg representant Arne Opsahl Engen	1.Vara Maria Eide
<b>Forfall til møtet:</b> Marit Hesvik, Maria Eide	

Utskrift sendes til: Medlemar, 1. varamedlem og kyrkjekontoret i Kinsarvik.

Kyrkjekontoret sender referat vidare til: Kyrkjeverja, tilsette i soknet og prosten i Hardanger og Voss prosti.

### Informasjon:

- Prestesituasjonen|

Den er ikkje avklart. Det blir ikkje lyst ut igjen til våren slik det var tenkt. Marna Roer og Arne Opsahl Engen har fått spørsmål om å fortsette som vikarar eit år til.

- Covid situasjon-nye retningslinjer- kva er gjeldande no.

Det er no ingen restriksjonar i samband med arrangement i kyrkja.

- Resultat av komitemøte vedr. «happening»

Idegruppa har hatt eit møte. Arbeidet er på tankestadiet. Arrangere lavterskeltilbod i kyrkja? Samarbeid/dialog med Frivilligsantralen?

- Økumenisk gudsteneste - når? Det er ikkje bestemt noko.
- Lydanlegg- Laila og Anne Karin som har jobba med anboda kjem og orienterar soknerådet. Sak 08/22
- Kyrkjekaffi- gjennomføring

Det er planlagt å ha ein enkel kyrkjekaffi etter kvar gudsteneste som kyrkjevert har ansvar for. Kaffi/te med kjeks og twist. Den som er kyrkjevert har ansvar for å gje melding til kyrkjevert på neste gudsteneste kva som manglar. Den har då ansvar for å kjøpe inn. Kort ligg på Coop.

### **Meldingar:**

- Stillinga som kyrkjeverje i UKFR er utlyst

Nedanfor føl sakene som skal til handsaming i møtet.

### **Saker:**

**04/22 Godkjenning av innkalling og saksliste**

**05/22 Godkjenning av protokoll frå møtet den 12.01.22**

**06/22 Gå igjennom framlegg til årsmelding 2021**

**07/22 Planlegge årsmøte 27/3- 22**

**08/22 Lyd anlegg - gå igjennom anboda**

<b>Sak 04/22 Godkjenning av innkalling</b>
--

### **Vedtak:**

Innkalling til møtet den 23.02.22 vart samrøystes godkjent.

<b>Sak 05/22 Godkjenning av protokoll</b>
---

### **Vedtak:**

Protokoll/ møtebok frå møtet den 12.01.22 vart samrøystes godkjent.

**Sak 06/22 Gå igjennom framlegg til årsmelding.**

**Kort utgreiing om saka:**

Det er laga eit framlegg til årsmelding. Soknerådet går gjennom årsmeldinga som er soknerådet si innstilling til årsmøte/soknemøte. Årsmeldinga vert lagt på Jondal kyrkje si heimeside i forkant av årsmøte

**Vedtak:**

Årsmeldinga er samrøystes godkjent.

**Sak 07/22 Planlegge årsmøte /soknemøte 27.03.22**

**Kort utgreiing om saka:**

Lage en plan for gjennomføring. Dato for årsmøte er 27.mars, etter gudstenesta.

Saker på årsmøte:

- Val av referent
- Val av 2 personar til å skrive under møtebok/protokoll.
- Årsmelding for 2021
- Rekneskap for 2021
- Orientering om ny liturgi v/Arne Opsahl Engen

**Sak 08/22 Lydanlegg – gå igjennom anboda**

**Kort utgreiing om saka:**

Det vart sendt ut invitasjon til 3 firma vedk. nytt lydanlegg i kyrkja. Fristen for å levere inn anbod var 23.02.kl.12.00.

Soknerådet har bedt kontor og kyrkjetenar om hjelp til å sende ut anbod og snakke med dei tre interessentane om kva vi har trong for når det gjeld lyd anlegg.

Ein tilbydar leverte tilbod innan fristen. Tilbodet hadde 2 alternativ.

**Forslag til Vedtak:**

Cecilie Stærnes og Arne Opsahl Engen arbeider vidare med dei 2 alternativa og lagar ein søknad til Ullensvang Kyrkjeleg Fellelsråd. Fellelsrådet skal ha møte etter vinterferien.

**Vedtak:**

Forslag til vedtak samrøytes vedtatt

**A) Informasjonsflyt :**

**Kort utgreing om saka:**

Avtale kven som gjer kva. Lage en rutine.

Rutine for kyrkjevert:

- vanleg gudsteneste skal det vere ein kyrkjevert. 2 kyrkjevertar ved behov,
- Det er laga liste over kyrkjevertar.
- Så langt råd er innbyrdes bytte
- Ved sjukdom gje beskjed til Anne Røymstad,
- Kyrkjevert skal møte kl. 10
- Ynskje velkomen og dele ut salmebøker m/liturgi
- Saman med klokkar telle opp offer etter gudstenesta
- Ansvar for kyrjekaffi.

**B) Open kyrkje til somaren:**

Korleis skal vi gjere det – tenke igjennom og lage ein plan- kan nokon lage ei skisse til ein plan for gjennomføring, som vi kan arbeide vidare med seinare i vår?

Det er viktig at kyrkja er open om sommaren. Vart drøfta korleis det kan gjerast i praksis.

- få friviljuge som kan vere med
  - opne og stenge kyrkja, lage ein turnus
- Open kyrkje sak på eit seinare soknerådsmøte

**C) Fasteaksjonen**

Arne Opsahl Engen tek ansvar for Fasteaksjonen som i år er 3.-5.april. Kirkens nødhjelp og tema er Reint vatn. I Jondal vert det 5.april. Konfirmantane går med bøsser. 2 personar frå soknerådet må vere med og lage klar bøsser og telje opp pengar som kjem inn.

**D) Spørsmål om soknerådet kan arrangere ein konsert**

Roar Engelberg

Dette kjem soknerådet tilbake til.

---

Signatur

---

Signatur